

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 Austrheim

Uttale til ”Kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2017-2027 - Tredje gongs offentleg ettersyn”.

Austrheim Landbrukskvinnelag (ALK) vil kome med følgjande merknader til siste utkast til arealdelen (endringar daterte 18.10.2018) i Austrheim kommune sin kommuneplan 2017-2027:

Generelt er det lagt fram ein arealplan for planperioden som ser ut til å ta mange og rette omsyn til landbruk, bygdeutvikling, natur og friluftsliv, og ALK finn dette positivt for landbruksrelaterte interesser.

ALK ser positivt på at siste framlegg til arealplan er endra på punkta (Toftegård og Lerøy) som ALK hadde merknader til ved 2. høyringsrunde, men vi ser oss nøydde til å komme med ytterlegare merknader til tiltak nr 120, Øksnesmarka i planen :

1 - Øksnesmarka.

ALK finn det svært beklageleg at kommunen vil innstille på at delar av Øksnesmarka framleis skal vera avsett til næringsareal. Sjølv om arealet er redusert i høve til forrige planforslag, er det tydeleg at ein vil vektleggje kortsiktige profittinteresser framfor varige verdiar som eit slikt urørt landskap som Øksnesmarka vil gi folk og dyr i generasjonar framover.

Bandlagt areal til næring har ein i rikt monn andre stadar i kommunen, og at ein skal øydeleggje/bandleggje Øksnesmarka og tilstøytande sjøareal, verkar direkte feil og særdeles korttenkt etter ALK si mening.

Det er trist at ein velger å sjå vekk frå konsekvensutgreiinga til Multiconsult, som peikar så tydeleg på dei negative verknadene av planforslaget. Ein velger bevisst å sjå ein annan veg og fokusere på det påståtte behovet for næringsareal nær sjø.

Det er fleire andre omsyn å ta; mellom anna påverknad av marine kvalitetar t.d i Åråsvågorrådet så som rekefelt og gyteområde for torsk, nærliken til den største konsentrerte busetnaden i Austrheim i Åråsfeltet, tilrettelagt felt med fritidsbustader som strekkjer seg nordover mot planområdet, det opne landskapet som er svært utsett for inngrep, biologisk mangfald som eksisterer i Øksnesmarka nettopp fordi det er eit stort samanhengande urørt område, for å nemne nokre kjernekriterium.

Landskapet utanfor avmerka næringsareal vil verta påført store ikkje-reversible inngrep som følge av framføring av infrastruktur til området, som bl.a veg, straum, vatn og avløp.

Ein hevdar i den nyleg vedtekne Samfunnsdelen av kommuneplanen gong på gong verdien og viktigheten kystlandskapet og llynghjane i Austrheim. Dette står i grell kontrast til planforslaget som no ligg til høring og ein kan sjølv ta ein samsvarskontroll om ein finn det bryet verdt : utdrag s.18 i Samfunnsdelen til K-plan

Landskap, miljø og samfunnstryggleik

Landskap og biologisk mangfald

Heilt sidan jordbruksrevolusjonen ved overgangen til bronsealder har menneske forsøkt å manipulera dei naturlege økosistema. Stigande verdsbefolking, stigande forbruk og betre tekniske mogelegheiter for endring av den naturlige vegetasjonen legg i dag eit sterkt press på det biologiske mangfaldet. Menneska har gjort seg sårbar gjennom manipulering med økosistema. I dag kjem 75% av all matvareproduksjon frå berre sju kulturvekster.

Her døme på seks viktige årsaker til trugsel mot det biologiske mangfaldet: Tap og oppstykking av leveområde.

Eksport av artar til økosystem utanfor deira naturlege leveområd – anten medvite eller som følgje av auka handel og kommuniksasjon.

Overbeskatning av arter.

Klimaendringar.

Overgang til industrielt jordbruk med meir spesialiserte driftsformer – og skogbruk med meir einsarta artar.

Utsetting av genmodifiserte artar i miljøet.

Mål:

Forhindra attgroing av opne landskap gjennom aktiv landskapsforvalting og effektive landbrukstiltak.
Bidra til eit aktiv jord- og skogbruk der det ikkje kjem i konflikt med viktige landskapsverdiar og biologisk mangfald. Auka medvitet om dei lokale landskapsverdiiane og det biologiske mangfaldet.
Verna om raudlista artar og naturtypar og deira leveområde.



de

Strategi:

Utarbeida communal temaplan mot attgroing, med mål, strategiar og tiltak.

Prioritera rydding av uønskt vegetasjon i strandsona, skjergarden, i turområde og på ulike utsiktspunkt.

I samarbeid med skogbruket leggja til rette for aktivt skogbruk i prioriterte område, med klart skilje mot opne landskap. I samarbeid med landbruket leggja til rette for aktiv llyngheskjøtsel, med mellom anna mål om auka sauehald.

Vurdera disponering av LNF områda i kommuneplanens arealdel.

Legge tilrette for utnytting og forbetring av jordbruksareal.

Kartleggje og verna område som er truga i høve til det biologiske mangfaldet, i arealplanlegginga.

Gje og søkja om tilskot til prosjekt som fremjar llyngheskjøtsel og opne landskapsverdiar.

Ein kan ikkje lage omelett utan å knuse nokre egg, seiest det, men ein har full anledning til å velje ein annan rett på menyen.

ALK vil på det sterkeste be om at tiltak 120 Øksnesmarka vert fjerna som næringsareal, og at heile arealet vert vedteke som LNF i tråd med 1. planforslag til arealdelen i ny kommuneplan.

Med helsing

Austrheim Landbrukskvinnelag (ALK)

v/ leiar Svanhild Neteland



Vi set eigne fotefar!